



Stine O.Karslen og Ole Magnus Dalland
Dalland 40
5936 MANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/299 - 14/6607

Saksbehandlar:

Helge Vallestad

helge.vallestad@radoy.kommune.no

Dato:

17.06.2014

Gjeld søknad om gratis skuleskyss

Viser til søknaden Dykkar om at Magnus Osa Dalland, f. 21.02.07, får fri skyss frå heimen til Manger skule, grunna særleg farleg skuleveg.

Hovudutval for oppvekst og omsorg handsama i sak 09/00 spørsmålet om rett til fri skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg, og slutta seg til innstillinga frå ei nemnd som hadde vurdert skulevegane i dei ulike krinsane i lys av opplæringslova § 7. Tilrådinga vart seinare vedteken av kommunestyret. Nemnda si vurdering var at den omtalte vegstrekninga ikkje var særleg farleg. Eit moment i denne vurdering var at fylkesmannen ikkje hadde gjeve søkjarane medhald i at dei hadde særleg farleg skuleveg i ei sak som gjaldt barneskuleelevar frå Tveiten med skuleveg til Manger.

Rådmannen sitt vedtak:

Store delar av vegnettet i Radøy er i ei slik forfatning at det kan opplevast som farleg å ferdist der. Det er likevel slik at Stortinget har sett som vilkår for å få innvilga fri skyss at skulevegen er særleg farleg. Rådmannen har ikkje grunnlag for å gjera andre vurderingar av saka enn dei nemnda gjorde våren 2000. Søkjar får såleis avslag på søknad om fri skyss.

Ankerett:

Enkeltvedtak om skuleskyss kan påklagast til Fylkesmannen (Opplæringslova, §15.2).

Eventuell klage må sendast Radøy kommune v/ Rådgjevar skule og oppvekst Helge Vallestad innan 3 veker frå De får dette brevet. (Fristen er i samsvar med Forvaltningslova. § 29)

Med helsing

Helge Vallestad
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Stine O.Karslen og Ole Magnus
Dalland

Dalland 40

5936

MANGER